



Arkivnr: 2016/34511-7

Saksbehandlar: Tor Harald Rødseth

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		03.05.2017

## Søknad om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Nyborg – meir informasjon om regelverket

### Samandrag

Fylkesrådmannen la i møte i fylkesutvalet 30.03.17 fram sak om søknad frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – Nyborg. Fylkesutvalet vedtok å utsetje saka for å få meir informasjon om aktuelt regelverk. I denne saka vert denne informasjonen lagt fram, saman med forslag til vedtak om ikkje å godkjenne søknaden frå Oslobuss.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tek fylkesrådmannen sin gjennomgang av regelverket om rutetransport til orientering.
2. Fylkesutvalet godkjenner ikkje søknad av 05.01.2017 frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – IKEA.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 07.04.2017****Bakgrunn**

Oslobuss AS søkte i brev av 05.01.17 om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – IKEA. Ruta er planlagt å vere open for alle.

I fylkesrådmannen sitt framlegg av saka heitte det følgjande i vurderinga:

Vilkåret for å drive ei gratis bussrute er at det er ekstern finansiering på plass. I søknaden har Oslobuss AS lagt til grunn at dei har ein avtale med IKEA om finansiering av drifta. Fylkesrådmannen har så langt ikkje fått dokumentasjon på at slik avtale ligg føre. IKEA har stadfesta at dei har inngått avtale med Turbuss Vest AS om slik transport.

Fylkesrådmannen finn ut frå dette at Oslobuss AS ikkje har finansielt grunnlag for å driva gratisbussrute mellom Bergen sentrum og IKEA, og kan difor ikkje rå til at søknaden vert godkjent.

Utval for miljø og samferdsel gjorde i møte 15.03.17 følgjande samrøystes vedtak i sak 40/2017 om innstilling til fylkesutvalet i saka:

Fylkesutvalet godkjenner ikkje søknad av 05.01.2017 frå Oslobuss AS om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum – IKEA.

Fylkesutvalet gjorde i møte 30.03.17 følgjande vedtak i den aktuelle saka, nr 78/2017:

Saka vert utsett til eit seinare møte.

Fylkesutvalet ønskjer meir informasjon om regelverket.

**Regelverk**

Reglane om rutetransport som er sentrale for denne saka finn ein i Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (LOY), og i Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy (FOY). Forskrifta har heimel i lova.

Rutetransport er «regelmessig transport av personar i eit bestemt trafikksamband dersom transporten står open for alle, og på- og avstiging kan skje på stoppestader som er fastsette på førehand». (LOY § 2 (1).)

Ruteløyve er naudsynt for at ein kan drive rutetransport. (LOY § 6 (1).) (I LOY og FOY nyttar ein om ruteløyve også omgrepa 'særskild løyve' og 'behovsprøvd løyve'.) Ruteløyve gjev innehavaren «rett og plikt til å drive persontransport i rute med motorvogn eller fartøy». (FOY § 1 b.) Tildelte ruteløyve gjeld i 10 år (LOY § 27 (3).)

Styresmakt for å tildele ruteløyve for ruter internt i Hordaland er fylkesutvalet. (LOY § 12 (2) og Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune pkt 30, 4. ledd.) Fylkesutvalet kan setje vilkår for ruteløyve som vert tildelt (LOY § 11.)

Fylkesutvalet skal «påse at saken er så godt opplyst som mulig før vedtak treffes», (forvaltningslova § 17 1. ledd), slik fylkesutvalet m.a gjer ved innhenting av saksframstilling frå fylkesrådmannen. Etter dette skal fylkesutvalet etter sitt frie skjøn, utan føringar, avgjere om ein søkjar skal tildelast ruteløyve. Dette er kalla 'behovsprøving' i LOY og FOY. Det er eit ulovfesta prinsipp at like saker skal handsamast likt.

Fylkesutvalet kan tilbakekalle løyve som ikkje vert nytta. (LOY § 29 (1).)

**Vurdering**

På grunnlag av gjennomgangen av regelverket, er det fylkesrådmannen si vurdering at fylkesutvalet står fritt til å gjere vedtak i saka.

Den nemnde vurderinga av søknaden står frå fylkesrådmannen si side ved lag.

Fylkesrådmannen vil presisere at fråveret av finansielt grunnlag for det omsøkte ruteløyvet, saman med Turbuss Vest AS sin avtale med IKEA tilseier at Oslobuss AS ikkje kan oppfylle den nemnde plikta til å drive ruteløyvet.